

**LINDÅS KOMMUNE
VEGAVDELINGA**

HOPSDALSVEGEN - VATN VED GNR. 193/4, 194/5 og 194/47.

Ref.: 17/1176-17/30979

I brevet frå 31.10.17 sender de saka tilbake til grunneigarane, og de skriv m.a. :
«Kommunen er ikkje ein instans som driv med mekling for å rydde opp i privatrettslige problemstillingar».

Greitt nok det, men i dette tilfellet meiner me likevel det er litt for lettvent å overføra saka til berre eit privatrettsleg problem.

Lindås kommune sine folk (LK-folka) på vegavdelinga har over tid sett at det i det aktuelle «grenseområdet» har vore opphoping av vatn, og i periodar med mykje nedbør har det kome ekstra mykje vatn langs vegen her.

Slik me har oppfatta det ønskte Lindås kommune å rydda opp i dette, i samband med grøfterensen langs Hopsdalsvegen.

På ei synfaring med Lindås kommune den 14.08.17 prøvde me å finna den grøfta me meinte skulle gå frå gnr. 193/4 og gjennom kommunevegen.

Me fann ikkje noko den dagen, men det var vilje frå partane til å søkja vidare.

På same synfaringa opplyste Sverre Solberg at han hadde lagt rør nedover frå sitt tun fram mot ei grøft han hevda fanst i området, og han peika då i retning steingarden mellom gnr. 193/4 og 194/5.

LK-folka sette i gang arbeidet, og etter ein del graving fann dei ei grøft som kom frå sørsida av huset på gnr.193/4.

Det er den grøfta me meinte skulle finnast - heretter kalla «100-års grøfta».

LKF-folka grov også langs vegen på gnr. 193/4, på austsida, men fann ikkje spor etter grøft eller stikkrenne mellom «100-års grøfta» og steingarden.

At me kallar grøfta for «100-års grøfta» er fordi den vart laga først på 1900-talet etter eit forlik mellom dei to bruka (193/4 og 194/5) og Hamre kommune, kor dei tre partane måtte ta kvar sin del av kostnaden.

Grøfta skulle hindra at det kom drensvatn frå gnr 193/4 og ned i brønnen til 194/5.

Frå same tid vart stikkrenna under kommunevegen på gnr. 194/5 teken ut av drift.

Når «100-års grøfta» har kryssa kommunevegen går ho vidare over bøen på gnr. 194/3, kryssar grensa til 194/5 og går vidare over dette bruket fram til Mundalselva. Sjølv om det i periodar kan ha vore utfordringar med å halda grøfta open - på begge bruk - har ho fungert rimeleg greitt, fram til for 5 – 6 år sidan.

Lindås kommune sette så i gang arbeid med å laga ny stikkrenne gjennom kommunevegen, frå «100-års grøfta» og fram til ny sandfangkum på vestsida av veggen.

Problemet er berre at det kjem svært lite vatn gjennom «100-års grøfta», og at det framleis er opphoping av vatn på austsida av kommunevegen, ned mot grensa mellom dei to bruka.

Med bakgrunn i det me her har prøvt å synleggjera er det ganske nærliggjande å tenkja at dreinsvatnet si ferd frå tunet på gnr.193/4 har endra seg dei siste 5- 6 åra.

Det ser ut som storparten no går rett ut i terrenget, med ei opphoping i hjørna mellom kommunevegen og steingarden, på austsida av kommunevegen. Og dette er ikkje berre «Overflatevatn», dette er vatn som kjem opp or jorda, fordi det ikkje har noko grøft å gå i. Vatnet pressar seg så dels gjennom vegkroppen (kommunevegen) og dels ut i kommunegrøfta, som i periodar med mykje nedbør har så stor vassføring at det grev ut vegbana.

Det bør såleis også vera i Lindås kommune si interesse å få dette vatnet vekk.

Ein part som også har store ulemper med vatn på avvegar er gnr.194/47. Store mengder vatn sig gjennom kommunevegen og kjem inn på denne eigedomen. Har Lindås kommune eit medansvar her ?

Opphopinga av vatn i hjørna mellom kommunevegen og steingarden er ein realitet. Det vatnet kan ikkje koma frå gnr. 194/5 eller gnr.194/47.

Slik me ser det er dette ei sak mellom Lindås kommune og eigar av gnr. 193/4.

7.nov. 2017

Mvh

Anders Valle
Gnr. 194, bnr. 5

Josefine Valle
Gnr.194, bnr.47